

BOKN KOMMUNE

Forvaltningsstyre

Innkalling

Møtedato: 21.02.2018
Møtestad: Møterom 1. etg. Boknatun
Møtetid: Kl. 19:00

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melda frå så snart råd er, tlf. 52 75 25 00, slik at varamedlem kan bli innkalla. Varamedlemer møter etter nærare innkalling.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på Boknatun. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utleverte i møtet. Dersom medlemene på førehand ønskjer å gjere seg kjent med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengelege på rådhuset.

Bokn kommune

12. februar 2018

Emilie Moi Eikje
leiar

Kåre Bua
sekretær

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
008/18	Godkjenning av innkalling
009/18	Godkjenning av møteprotokoll
010/18	Reguleringsplan for strandområdet med turveg/ tursti mellom Alvestadkroken og Føresvik, justert framlegg
011/18	7/30 –VÅGA, ENEBOLIG – KLAGE OVER KRAV TIL OPPARBEIDING AV VEG M.M.
012/18	<u>Samlesak for delegerte saker</u>
008/18	<i>RAMMETILLATELSE - 11/327 OG 11/328 - KNARHOLMEN - VESENTLIG TERRENGENDRING - UTSPRENGNING OG FYLLING I SJØ</i>
009/18	<i>TILLATELSE TIL TILTAK ETTER §20-4 - 19/91 - SØRE SUNNALAND, JØSANG - NYBYGG BOD</i>

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Forvaltningsstyre	21.02.2018	008/18

Saksansv. Gro Sørensen	Arkiv K1 - 033	Arkivsaknr 18/77
------------------------	----------------	------------------

Godkjenning av innkalling

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Forvaltningsstyre	21.02.2018	009/18

Saksansv. Gro Sørensen	Arkiv K1 - 033	Arkivsaknr 18/77
------------------------	----------------	------------------

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Dok.nr

25.01.2018

Tittel på vedlegg

Protokoll - Forvaltningsstyre - møte 24.01.2018

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Forvaltningsstyre	21.02.2018	010/18

Saksansv. Kåre Bua	Arkiv K2 - L12	Arkivsaknr 06/330
--------------------	----------------	-------------------

Reguleringsplan for strandområdet med turveg/ tursti mellom Alvestadkroken og Føresvik, justert framlegg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til justert detaljregulering av turveg mellom Alvestad og Føresvik med kart dagsett 27.10.2017 og føresegner dagsett 27.10.2017 sendt på ei avgrensa høyring til Fylkesmannen i Rogaland, Regionalplanavdelinga og Seksjon for kulturarv i Rogaland fylkeskommune og dei grunneigarane som vert direkte råka av endringane.

Frist for uttale vert sett til 4 veker.

2. Dersom det ikkje kjem motsegn mot framlegget frå Fylkesmannen i Rogaland eller Rogaland fylkeskommune, får administrasjonen fullmakt til å sende dispensasjonssøknad til Riksantikvaren for den del av traseen som kryssar det automatisk freda kulturminnefeltet med id 213690.

Kva saka gjeld:

Framlegg til reguleringsplan for strandsona mellom Føresvik og Alvestadkroken er justert etter at planframlegget der planlagt turveg var endra til tursti, har vore lagt ut på høyring i samsvar med forvaltningsstyret sitt vedtak i sak 004/17.

Bakgrunn for saka:

Plan for detaljregulering av strandområdet mellom Alvestad og Føresvik har vore fremja til handsaming og lagt ut til offentleg ettersyn i fleire omgangar med og utan turveg. I sak 036/13 er det gjort greie for handsaming av planen fram til vedtaket om å sende framlegget ut på høyring og leggje det ut til offentleg ettersyn.

Forvaltningsstyret gjorde i sak 021/15 følgjande vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til detaljregulering av turveg mellom Alvestad og Føresvik med kart dagsett 11.06.2014 og føresegner dagsett 11.06.2014 med den endring at storleiken på naust og fritidsbustad vert justert slik at dei samsvarer med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel, sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

Vedtaket vart gjort mot 2 røyster.

I dette planframlegget låg det ein fullverdig turveg.

Saka vart så lagt fram for kommunestyret, som den 16.06.2015 i sak 026/15 vedtok forvaltningsstyret si innstilling mot 6 røyster.

Deretter vart saka sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn med uttalefrist 04.08.2015.

I høyringsrunden kom det inn merknader frå 4 offentlege instansar og 3 private grunneigarar.

Fråsegna frå Seksjon for kulturarv i Rogaland fylkeskommune innebar ei motsegn som gjorde det naudsynt med vidare drøftingar med fylkeskommunen med tanke på å finne ei løysing som gjer at planen kan eigendogkjennast.

Endringane var så omfattande at det var behov for å sende saka på avgrensa høyring til dei som vart råka av endringane.

Det var framleis tale om ein fullverdig turveg, og saka lagt fram for forvaltningsstyret i møte 21.10.2015 med følgjande framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til justert detaljregulering av turveg mellom Alvestad og Føresvik med kart dagsett 20.09.2015 og føresegner dagsett 20.09.2015, sendt på ei avgrensa høyring til fylkesmannen i Rogaland, Regionalplanavdelinga og Seksjon for kulturarv i Rogaland fylkeskommune og dei grunneigarane som vert direkte råka av endringane. Frist for uttale vert sett til 4 veker.

Etter drøfting gjorde forvaltningsstyret følgjande vedtak i sak 039/15:

Planen blir lagt ut på høyring etter at turvegen er teken ut av planen.

Vedtaket vart gjort mot to røyster.

I kommunestyresak 065/15 vart forvaltningsstyret si tilråding vedteke mot to røyster.

På bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak om å fjerne turvegen frå planen, og signal frå regionale styresmakter om at ein plan utan turveg vanskelig kunne godkjennast utan motsegner, var det etter kommunestyrevedtaket politiske drøftingar med tanke på å finne ei kompromissløyising som tek omsyn til både dei innspel som er kome frå dei grunneigarane som vert råka, og lokale og regionale styresmakter.

Dette resulterte i fyrste omgang til eit framlegg der den nordre del av turvegen ikkje vert ført direkte nord til Føresvik, men vert lagt over eksisterande veg fram til Føresvikvegen.

Det vart og laga ei prinsippskisse for korleis stien skal førast over dei kulturminna som vert råka, i samsvar med krav frå kulturavdelinga i Rogaland fylkeskommune.

Endringane vart vurdert som så omfattande at det vart laga ny oppstartsmelding som vart sendt dei aktuelle høyringsinstansane med høyringsperiode 23.05.2016 – 04.07.2016.

Saka vart deretter lagt fram for forvaltningsstyret som sak 035/16 med følgjande framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til detaljregulering av turveg mellom

*Alvestad og Føresvik med kart dagsett 25.08.2016 og føresegner dagsett 25.08.2016
sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i minst 6 veker.*

Saka blei drøfta i møtet 05.10.2016.

Under drøftinga kom det fram at representantane ikkje kjende seg trygge på at planen som låg til handsaming, var i samsvar med forståinga / avtalane som er gjort med grunneigarane. Det blei særskildt peika på at ein meinte det har vore tale om sti og ikkje gangveg.

Vidare blei det stilt spørsmål om det skal vera veg over nærmiljøanlegget eller om ein her berre skal gå over anlegget slik det ligg. Representantane meinte at det låg føre avtale om ikkje å byggja veg over anlegget.

Med bakgrunn i drøftinga, sette leiaren fram forslag om å senda planen tilbake til administrasjonen for vidare utgeriing

Det vart, mot ei røyst frå arbeiderpartiet, vedtatt å senda planen tilbake for vidare handsaming.

Ut frå drøftinga i forvaltningsstyret sitt møte 05.10.2016 vart planen og føresegnene justert slik at det nå gjekk klårt fram at det er tale om ein tursti og ikkje ein turveg som krev serleg opparbeiding. Dette skulle vera i samsvar med dei drøftingane som har vore med dei grunneigarane som vert råka. I teiknforklaringa til planen vart det framleis nytta omgrepet turveg.

Dette avdi det er føremålet som heiter turveg ref. teiknereglane

Det finst ikkje eige føremål som heiter tursti, og føremålet turveg vart derfor oppretthalde, men det er innhaldet i føresegnene som er viktige ifht. kva som er tillate innafor føremålet.

Saka vart deretter lagt fram på ny for forvaltningsstyret som sak 004/17, der turvegen var vist som ein tursti, og det vart gjort fylgjande vedtak:

*Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til detaljregulering av tursti mellom
Alvestad og Føresvik med kart dagsett 03.01.2017 og føresegner dagsett 25.01.2017
sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i minst 6 veker.*

Planen vart sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn med uttalefrist 10.04.2017.

I høyringsrunden kom det inn merknad frå to private grunneigarar, og frå 4 offentlege instansar. Nedanfor er merknadane referert i kortform, og kommentert.

Merknader frå private

Edvin Øvrebø, 14.03.2017

Øvrebø skriv fylgjande i brevet:

«Eg er fortsatt imot att det går tursti over min eigedom, men må den lagast, bør den gå heilt inntil eigdommen til Finn Alvestad»

Kommentar

Traseen over Øvrebø sin eigedom har vore nøye vurdert på staden saman med representantar for kulturavdelinga i Rogaland fylkeskommune.

Ut frå omsynet til dei automatisk verna kulturminna er det den traseen planframlegget viser, som tek best omsyn til Øvrebø sitt ynskje om plassering.

Merknaden frå Øvrebø fører difor ikkje til endring av planframlegget.

Møyfrid Vatnaland, 09.04.2017

Vatnaland meiner at handsaminga av denne saka viser kor personavhengig resultatet av ei planhandsaming er.

Grunneigaren ynskjer ikkje stien bygd over sin eigedom, og stiller også spørsmål med føresegnene sine krav med omsyn til vindauge og tilkomst til naust.

Det vert ikkje godteke at grunneigar skal ha ansvar for vedlikehald av veg som vert nytta som sti.

Det vert og kommentert at deler av grøntområdet i nordre del av eigedomen er ei stor grop etter eit grustak, og dette vert kravd teke ut av planen.

Det er ikkje ynskjeleg med inngjerding av beiteområde.

Kommentar

Turvegen som nå vert detaljregulert, er vist i den gjeldande kommuneplanen.

Reguleringsplanen som har vore gjenstand for drøfting i fleire år, og med fleire alternativ for utførsle, er ei oppfylgjing av intensjonen i kommuneplanen og tidlegare politiske vedtak i politiske organ.

Det som ligg i det framlegget som nå vert lagt fram, er at realisering av ein fullverdig turveg fyrst kan skje når det etter forhandling er oppnådd semje med dei grunneigarar som vert råka.

Dei spørsmål som Vatnaland tek opp, mellom anna når det gjeld vedlikehald og inngjerding, må avklårast i desse forhandlingane.

Når det gjeld utforming av naust, er dette spørsmålet under vurdering generelt for kommunen, gjennom arbeidet med justering av føresegnene knytt til kommuneplanen.

Utfallet av dette arbeidet, må også få konsekvens for utforming av naust i dette området.

Merknaden frå Vatnaland er i stor grad teke omsyn til gjennom føresetnaden om at etablering av fullverdig turveg krev semje med dei grunneigarane som er råka.

Merknader frå offentlege instansar

Fylkesmannen i Rogaland, 27.02.2017

Fylkesmannen finn at endringa i planframlegget, der turvegen er endra til ein enkel tursti, inneber at grunnlaget for alle dei føreslegne byggetiltaka i strandsona fell bort. Med det omfanget på byggetiltak som er lagt til strandsona, er det etter Fylkesmannen sitt syn, heilt avgjerande at ein samanhengande turveg vert etablert gjennom området. Utan turveg vil strandsona i det alt vesentlege verta privatisert og ålmenta stengd ute på permanent basis. Ut frå omsyn til ålmenn ferdsle og universell utforming fremjar Fylkesmannen motsegn mot planframlegget.

Kommentar

Planframlegget er justert for å imøtekomme motsegna frå Fylkesmannen. Endringane er nærare kommentert nedanfor under orienteringa om arbeidet med planframlegget etter høyringsrunden.

Statens vegvesen, 10.03.2017

Statens vegvesen har ikkje nye innspel til planarbeidet, og viser til tidlegare merknadar.

Rogaland fylkeskommune, Kulturavdelinga 03.04.2017

Kulturavdelinga viser til at dei i tilknytning til meldinga om oppstart av planarbeidet, varsla behov for befarings og evt. også arkeologiske registreringar for å avklare tilhøvet til automatisk freda kulturminne langs den private

kjørevegen/traktorvegen i nordre del av planområdet.

Det vert også vist til at turstien er i konflikt med det automatisk freda kulturminnefeltet med id 213690. Fylkesrådmannen vil kunne tilrå dispensasjon ovanfor Riksantikvaren for same trase som opphavleg var planlagt til turveg.

Før saka kan sendast over til Riksantikvaren som dispensasjonssøknad, må den administrative motsegna vera løyst, og det må vera gjort nøyaktig greie for korleis turstien er tenkt opparbeida/utforma.

Det vert gjort merksam på at reguleringsplanen ikkje kan eigengodkjennast før tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklåra.

Kommentar

Når det gjeld merknadane om behov for befarings/arkeologiske registreringar knytt til bruk av den private kjørevegen/traktorvegen i nordre del av planområdet, skuldast dette ei feilteikning på plankartet som gav inntrykk av at bruken omfatta areal på sidene av den eksisterande vegen.

Dette er retta opp, slik at det nå går klårt fram berre den eksisterande vegen og bruken av denne, inngår i planen.

Når det gjeld tilhøvet til det automatisk freda kulturminnefeltet med id 213690, vil naudsynt dispensasjonssøknad med dei opplysningar Kulturavdelinga i fylkekommunen krev, verta sendt når det er oppnådd semje med Fylkesmannen i Rogaland og Rogaland fylkeskommune v/Regionalplanavdelinga når det gjeld dei andre delane av planframlegget.

Rogaland fylkeskommune, Regionalplanavdelinga

Regionalplanavdelinga i fylkeskommunen har varsla motsegn til planframlegget.

Ettersom kommunen på grunnlag av den motsegna som ligg føre frå Fylkesmannen har hatt under vurdering alternative justeringar som tek omsyn til denne motsegna, har Rogaland fylkeskommune fått utsett uttalefristen, seinast i e-post dagsett 04.10.2017.

Arbeidet med det nye planframlegget

På bakgrunn av motsegna frå Fylkesmannen, og varsel om motsegn frå Rogaland fylkeskommune, har det vore arbeida vidare med planframlegget med tanke på å finne ei kompromissløyising som tek omsyn til dei innspel som er kome frå dei grunneigarane som vert råka, samt signal frå lokale og regionale styresmakter.

I samband med dette har representantar frå administrasjonen og den politiske leiinga i kommunen vore på synfaring i regi av fylkeskommunen, for å sjå på eit etablert turvegprosjekt ved Hafrsfjord. Av synfaringa og orienteringa knytt til dette arbeidet, gjekk det fram at heller ikkje dette prosjektet hadde funne si endelege løysing på reguleringsstadiet.

Realiseringa av turstien hadde kravd omfattande forhandlingar med grunneigarane, og gjennomføringa hadde kravd kompromiss med omsyn til både den ideelle traseen på einskilde stader, og grunneigarane sine mogelegheit til å nytte strandsona til privat bruk, mellom anna til oppføring av naust.

Ut frå dette har ein søkt å finne ei tilsvarande løysing for turvegen frå Alvestad til Føresvik, som gjer det mogeleg å realisere ein fullverdig turveg på store delar av traseen allereie i dag, og som gjennom reguleringsføresegnene legg grunnlag for at den resterande delen kan opparbeidast som ein fullverdig turveg på sikt, når det er oppnådd semje om dette med dei grunneigarane som vert råka. I mellomtida vert denne delen av turvegen liggjande som ein tursti.

Av den registrering som er gjort i tilknytning til dette arbeidet, går det fram at størstedelen av turvegtraseen allereie i dag er opparbeida, eller kan opparbeidast som fullverdig turveg relativt raskt. Berre ein mindre del må framleis nyttast som tursti, men også for denne delen er det mogeleg å kome seg forbi via eksisterande veg, sjølv om dette inneber ein etter måte stor omveg.

Når det gjeld den delen av traseen der det førebels berre kan etablerast tursti, opnar fylgjande formulering i føresegnene for at også denne delen på sikt kan opparbeidast som fullverdig turveg:

5.2.2 Innanfor o_T2 og 3 skal det etablerast turveg. Fram til det er sikra avtale med grunneigarar om etablering av turvegen, skal turvegen utformast som eit tråkk. Innanfor føremålet er det tillate å rydde traséen og opparbeide tråkket med grusdekke over duk. Traséen skal ha minimum 1,5 meter breidde inkl. skulder, og skal ikkje nyttast som køyreveg. Traséen skal merkast.

Etter avtale med grunneigarar skal turvegen opparbeidast i tråd med krav til utforming i § 5.2.1. Fyllingsskråning kan gå utover føremålslinja og inn på tilgrensande føremål, jf. § 5.1.

Pkt. 5.2.1 i føresegnene inneheld krav til utførsle av turvegen over det automatisk freda kulturminnefeltet.

Det vert elles vist til notat dagsett 27.10.2017 frå ABO Plan & Arkitektur v/Turid Verdal, som har vore konsulent for planarbeidet.

Det justerte planframlegget vart lagt fram for Fylkesmannen i Rogaland og Rogaland fylkeskommune i møte 12.01.2017.

Det kom ikkje fram motforestillingar mot framlegget på dette møtet. Notat frå møtet er sendt deltakarane på møtet.

Konklusjon:

Manglande reguleringsplan for strandsona mellom Alvestadkroken og Føresvik har ført til at det nærast har vore umogeleg å få godkjent tiltak i dette området ut frå byggeforbodet i strandsona.

Ein reguleringsplan for området ville løyst dette problemet

Arbeidet med planen har vore ein tidkrevjande prosess, utan at det har lukkast å kome fram eit resultat som tek omsyn til både private grunneigarar og ålmenta sine interesser på ein måte som dei ulike interessegrupper har kunne samlast om.

Det framlegget som nå ligg føre, inneber eit kompromiss mellom dei ulike interessene knytt til planarbeidet.

Som for alle kompromiss, vil forslaget ikkje innebere ei ideell løysing i høve til alle interessegruppene, men totalt sett må framlegget seiast å innebere ei løysing som gjev ålmenta tilgang til strandområdet på ein måte som kompenserer for ei relativt høg utnytting av byggearealet for naust og tiltak i sjøen

Når det gjeld vidare føring av turvegen nordover slik regionalavdelinga hjå fylkeskommunen rår til, synes dette lite aktuelt, men dette må vurderast nærare i tilknytning til arbeidet med dei reguleringsplanane som er under utarbeiding for områda nordafor.

Rådmannen vil rår til at det justerte framlegget til plan vert sendt på avgrensa høyring til

Fylkesmannen i Rogaland og Rogaland fylkeskommune og dei grunneigarane som vert direkte råka av endringa.

Dersom det ikkje kjem motsegn mot framlegget frå dei offentlege instansane, må det sendast dispensasjonssøknad til Riksantikvaren via fylkeskommunen for den delen av traseen som går over det automatisk freda kulturminnefeltet.

Når slik dispensasjon ligg føre, vert planen teke opp til endeleg handsaming i kommunen.

Kåre Bua

Fra: Bjørn Løvland
Sendt: 9. februar 2018 11:40
Til: Kåre Bua
Emne: Reguleringsplan for turveg Alvestadkroken - Føresvik


Hei

Då har eg skrive eit justert utkast, der eg og har referert til kva alternativ som vart handsama i dei ulike sakene. Dersom dette framleis er uklårt, kan sjølvsagt orienteringa om tidlegare handsaming takast ut.

Fylgjande vedlegg må takast med:

- Journalpost 178 (plankart, føresegner, notat endringar)
- Journalpost 177 (notat frå møte)
- Journalpost 171 (uttale frå Fylkesrådmannen – Kulturavdelinga)
- Journalpost 170 (merknad frå Møyfrid Vatnaland)
- Journalpost 167 (merknad frå Edvin Øvrebø)
- Journalpost 166 (merknad frå Statens vegvesen)
- Journalpost 164 (merknad får fylkesmannen)

Mvh
Bjørn



Bokn kommune

Detaljplan for turveg mellom Alvestad og Føresvik, Bokn kommune

§ 1. REGULERINGSFØREMÅL

1.1. Det regulerte området er vist på plankartet datert 27.10.2017.

1.2. Arealet innanfor plangrensa er regulert til følgjande føremål:

BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL § 12-5, 2.ledd nr. 1)

- Bustader
- Fritidsbusetnad - frittliggjande
- Småbåtanlegg i sjø
- Uthus/ naust/ badehus

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5, 2. ledd nr. 2)

- Veg
- Køyreveg
- Annan veggrunn - teknisk anlegg
- Parkeringsplassar

GRØNSTRUKTUR (PBL § 12-5, 2.ledd nr.3)

- Grønstruktur
- Turveg
- Friområde

LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL OG REINDRIFT (PBL § 12-5, 2. ledd nr. 5)

- Landbruks-, natur- og friluftsføremål og reindrift (LNFR)

BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL § 12-5, 2. ledd nr. 6)

- Ferdsel
- Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

OMSYNSSONE (PBL § 12-6, 1. ledd)

- Frisikt, H140
- Andre sikringssoner, H190
- Raud støysone, H210
- Gul støysone, H220
- Brann-/eksplosjonsfare, H350
- Omsynssone: Bevaring kulturmiljø, H570
- Omsynssone: Bandlegging etter lov om kulturminne, H730

§ 2. GENERELLE FØRESEGNER

2.1. Desse føreseigna kjem i tillegg til Plan- og bygningslova, og gjeldande vedtekter i Bokn kommune.

2.2. Etter at desse føreseigner er gjort gjeldande, er det ikkje høve til å inngå privatrettslege avtalar som strir mot føreseigner i planen.

2.3. Det kan vere uregistrerte fornminne i planområdet. Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram automatisk freda kulturminne som til dømes gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar, må dette straks meldast til Rogaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyremakt har vurdert funnet, jf. Kulturminnelova § 8, 2.ledd.

- 2.4. Tiltak som fell under *havne- og farvannsloven* sine bestemmelser skal godkjennast av hamnemynde (Karmsund Havnevesen).
- 2.5. Der skjering eller mur vert høgare enn 1,5 meter, skal det sikrast med gjerde. Det skal leggjast til rette for etablering og vekst av naturleg vegetasjon i skråningar/skjeriningar.
- 2.6. Tiltak skal prosjekterast og utførast slik at byggverk, byggegrunn og tilstøytande terreng ikkje vert utsett for fare, skade eller vesentleg ulempe som følgje av tiltaket.
- 2.7. Prinsipp for universell tilrettelegging bør leggjast til grunn så langt det let seg gjera ved vidare detaljering av bygningar og anlegg, samt ved opparbeiding av tilkomst til bygningar og etablering av turveg.
- 2.8. Innanfor planområdet er det høve til å etablere kommunaltekniske og andre tekniske anlegg, så som t.d. trafo, kabelskap, pumpestasjonar. Tekniske anlegg i bakken skal dekkast til, men kan ikkje byggast over med anlegg og bygningar som gjer vedlikehald o.l. vanskeleg.

§ 3. BYGNINGAR OG ANLEGG

3.1. Felles føresegner for bygningar og anlegg

- 3.1.1. Bygningar og anlegg skal gjevast ei tiltalende utforming med omsyn til materialbruk og fargeval. All utbygging skal tilpassast og harmonerast med eksisterande utbyggingsstruktur.
- 3.1.2. Maks byggehøgde for bygningar skal målast frå gjennomsnittleg terreng ved veggliv til gesims- eller mønehøgde. Høgde på naust skal målast frå ferdig golv i naustet.
- 3.1.3. Garasje/carportar og utebod (frittliggjande og/eller sambundne med bueiningar) kan førast opp inntil 2 m frå køyreveg/veg/turveg og inntil 1 m frå nabogrense dersom det er sikra fri sone på 5 m lengd på eigen grunn ved innkøyring til garasje/carport. Brannsikring må gjennomførast i tråd med krav nedfelt i TEK10.

Garasje skal ha tilsvarende takutforming som bustadhuset.
- 3.1.4. Krav til MUA- uteopphaldsareal:
Frittliggjande einebustader: minimum 100 m² MUA per eining.
Arealet skal fortrinnsvis liggje på bakkenivå, og skal ikkje vera overbygd.
- 3.1.5. Byggegrense mot sjø og veg er synt i plankartet. For naustområda er byggegrensa mot sjø sett i føremålsgrensa.

3.2. Bustader

- 3.2.1. I område B1 - B4 kan det tillatast etablering av bustadar med maks BYA = 30 %.
Maks mønehøgde er 7,5 m, og maks gesimshøgde er 6,5 m.

Det er sett krav om minimum 2 parkeringsplassar per einebustad på eigen grunn. Minimum 1 biloppstillingsplass skal vere utan overbygnad. Bilar må kunne snu på eigen grunn.

Små, interne stiar skal ikkje brytast ved ny utbygging.

Innanfor delområde B2 skal nye bygg estetisk ikkje skjemme automatisk freda kulturminne i området.

3.3. Fritidsbusetnad - frittliggjande

I området kan det tillatast bygging av fritidsbustad med maks BYA = 75 m². Byggegrense mot sjø er synt i plankartet. Maks mønehøgde: 6 m. Maks gesimshøgde: 5 m.

3.4. Anna typar bygningar og anlegg; Naust

3.4.1. Naust er uthus og skal nyttast for oppbevaring av reiskapar og utstyr tilknytt båt- og sjølivet. Nausta skal ikkje nyttast til varig opphald, og skal ikkje omdisponerast eller nyttast som fritidsbustad eller bustad.

Naust bør oppførast som separate einingar, men unntaksvis kan inntil 3 naust byggjast saman. Ved etablering av fleire naust innanfor same område skal det tilstrebast variasjon i breidde, høgde, farge- og materialbruk.

Nausttomtene skal ikkje gjerdast inne, og det skal vera allmenn tilkomst/tilgang ved nausta.

3.4.2. For naustområda N1-4 og N6-16 gjeld følgjande føresegner:

Det kan byggjast nye naust eller ny sjøbod med maksimalt BYA = 40 m².

Maksimal mønehøgde i fasade til sjø er sett til 5,0 m. Det er høve til å sette inn maksimalt eitt vindaug med maksimal storleik på karmmålt 1x1 m. Taket skal ha form som saltak og takvinkel skal vera mellom 30-40 grader. I gavlen skal det vera tradisjonell avslutning med dekkbord og vindskier. Dørrar skal ha sidehengsler og vera av tre. Veggane skal vera av tre eller naturstein. Taket skal tekkast med betongtakstein, tegl, skifer eller anna naturmateriale. Fargane skal tilpassast det som er tradisjonell farge på nausta elles i området. Bygga skal utformast i tråd med tradisjonell byggeskikk. Nye naust bør ikkje etablerast lågare enn kote +2 o.k. golv 1. etasje.

Nye naust er synt i plankartet med omriss. Plasseringa kan fråvikast i byggesøknad.

Følgjande eksisterande naust og nye naust kan oppførast innanfor naustområda:

ID	Eksisterande	Maksimalt oppførast nye naust
N1	1	2 nye naust, eitt på kvar av gnr. 9, bnr. 5 og 148.
N2	4	1 nytt naust på gnr. 9, bnr. 141.
N3	0	1 nytt naust på gnr. 11, bnr. 80.
N4	1	1 nytt naust på gnr. 11, bnr. 20.
N6	2	
N7	0	1 nytt naust på gnr. 11, bnr. 12.
N8	1	
N9	2	3 nye naust, eit naust på gnr. 11, bnr. 57 og to nye på gnr. 11, bnr. 143 (eine spesifisert til framtidig frådelt eigedom frå gnr. 11, bnr. 143).
N10	4	1 nye naust på gnr. 11, bnr. 85
N11	2	1 nytt naust på gnr. 11, bnr. 266, og 2 nye på gnr. 11, bnr. 63.
N12	1	3 nye naust, eitt på kvar av gnr. 11, bnr. 5, 59 og 275
N13	1	1 nytt naust på gnr. 11, bnr. 39
N14	1	
N15	0	1 nytt naust på gnr. 11, bnr. 227.
N16	1	1 nytt naust eller 1 sjøbod med utleige bodar på gnr. 11, bnr. 256 og 1 nytt naust på gnr. 11, bnr. 3.

Endring og oppgradering av eksisterande naust er tillat innanfor rammene sett i 3.4.2, 1. ledd.

Nye og eksisterande naust som ikkje har vegtilkomst i dag skal ikkje ha køyreveg eller parkering ved naustet.

3.4.3. For naustområde N5 gjelder følgjande føresegner:

Innanfor området kan det byggjast eit sjøhus med maksimal BYA= 150 m².

Maks mønehøgde i fasade til sjø er sett til 9 m. Taket skal ha form som saltak og takvinkel skal vera mellom 30-40 grader. I gavlen skal det vera tradisjonell avslutning med dekkbord og

vindskier. Dører skal ha sidehengsel og vera i tre. Veggane skal vera av tre eller naturstein. Taket skal tekkast med betongtakstein, tegl, skifer eller anna naturmateriale. Fargane skal tilpassast det som er tradisjonell farge på nausta eller i området. Sjøhuset skal ikkje etablerast lågare enn kote +2 o.k. golv 1. etasje.

N5 har offentleg eigarstatus, og skal nyttas m.a. skular, barehagar og lokale foreiningar, som del av eit aktivitetsområde. Det kan etablerast samlingsrom, tekjòkken og toalett i sjøhuset. Området skal sjåast i samanheng med tilgrensande friområde og friluftsområde i sjø.

Det kan etablerast bryggekant som forankring til flytebrygger i føremålet.

3.5. Småbåtanlegg i sjø - SA

3.5.1. I SA4 utanfor N5 er det tillatt å etablere flytebrygger. Det er ikkje tillete å etablere molo eller utfylling i sjø.

3.5.2. Eksisterande molo er regulert til småbåtanlegg (SA).

Naturleg oppgradering og reperasjonar etter skader på eksisterande konstruksjonar er tillatt innanfor føremålet.

Eksisterande molo ved SA7 og SA8 kan endrast i samsvar med plankart.

3.5.3. Innanfor SA14 kan det etablerast ny molo for å skape trygg hamn.

Moloen skal ikkje vera større enn nødvendig og konstruksjonen skal ikkje beslaglegge unødige sjøareal. Flytande bølgedempingar er ikkje tillete.

3.5.4. Der tilhøva ligg til rette for det, bør det i all hovudsak etablerast felles løysningar for fleire eigedommar/naust. Det kan etablerast flytebrygger innanfor molokonstruksjon.

Lengda på konstruksjonen over kote 0 og opp er avgrensa med føremålslinje. Fyllingsfoten bør ikkje gå djupare enn kote -5. Fyllingsfoten kan gå utover føremålslinja og inn på tilgrensande føremål dersom djupnetilhøva tilseier det, jf. § 7.1 ferdsel. Nye tiltak i sjø skal godkjennast av Karmsund Havnevesen.

Innsida av molo bør etablerast med mur for å gi størst mogleg hamneområde. Den delen av moloen som vender ut i farleia bør etablerast som fylling med plastring. Materiale skal i all hovudsak vera av naturmateriale. Toppdekke på molo kan vera av betong for å styrke konstruksjonen. Det er ikkje tillete å nytte «skrap/attvinningsmateriale» i konstruksjonen.

For å sikre djupne og breidde på innløpet, skal avslutninga på moloen ved innløpet etablerast som mur. Molokonstruksjon mot nabogrense skal i hovudsak vera ei murløysning for ikkje å gå inn på naboeigedom.

Hellingsvinkel på fyllinga skal vera ca. 1:1,3. Hellingsvinkel på mur bør vera ca. 5:1. Breidda på topp molo bør ikkje overstige 3 meter. Det er ikkje tillete å opne for tilkomst på molo for køyretøy.

3.5.5. I byggesøknad for molo skal snitt og planløysning leggjast ved. Mindre justeringar og tilpassingar kan tillatast utover føremålet ved uventa tilhøve som til dømes grunntilhøve og djupne. Byggesøknad må dokumentere trong for dette, og søknaden kan tillatast dersom det er føremålstenleg og forsvarleg byggteknisk. Alle tiltak i sjø skal godkjennast av Karmsund Havnevesen.

§ 4. SAMFERDSLE ANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.1. Veg

Eksisterande offentleg vegnett er regulert som veg. Delar av kommunalt vegnett skal nyttast av allmenta som del av nytt turvegnettet. Eigarstatus på veg er offentleg.

4.2. Køyreveg

Eksisterande tilkomstvegar på privat grunn er regulert som køyreveg. Køyrevegane skal framleis vera i privat eige, men delar av køyrevegane skal kunne nyttast av allmenta som del av turvegnettet.

Ansaret for vedlikehald kviler på eigar, med mindre anna er avtalt.

4.3. Anna veggrunn - teknisk anlegg

Grøfter og teknisk infrastruktur til eksisterande veg (o_veg) og planlagt VA-leidningar er gjeve dette føremålet.

4.4. Parkeringsplassar

Det er avsett areal til parkering i samband med friområdet. Det skal etablerast parkeringsplassar, oppstilling av buss-spenn og anna installasjonar som er naudsynte i samband med bruk og aktivitet på tilgrensande friområde. Eigarstatus er offentleg.

§ 5. GRØNSTRUKTUR

5.1. Grønstruktur

Områda skal ikkje opparbeidast, og områda sitt særpreg som naturområde/kulturmark skal i størst mogleg grad takast vare på. Innanfor områda som ligg knytt til turvegen og kulturminne er det tillete med enkel tilrettelegging av spreidde benkar, informasjonstavler og tilsvarande. Skjøtsel i form av beiting, slåing eller sviing er tillete innanfor føremålet, så lenge det ikkje er i konflikt med bruken av området. Det er opna for at fyllingsskråning i samband med turvegføremålet kan gå inn i føremålet, jf. § 5.2.2.

5.2. Turveg

5.2.1. Innanfor områda o_T1 og 4 skal det etablerast turveg med grusdekke over duk som vert lagt rett på eksisterande terreng. Turvegen skal ha 2 m breidde og 0,5 m skulder på kvar side. Turvegen skal ikkje nyttast som køyreveg, men maskinelt vedlikehald og nyttetransport til og frå naust som ikkje har annan vegtilkomst er tillate.

Turvegen skal i hovudsak etablerast med maksimal stigning på 1:10. Innanfor føremålet er det høve til å heva eller senka terrenget for å lette stigningstilhøva. Mindre justeringar/endringar i horisontal- og vertikalplanet kan tillatast når detaljplanlegginga gjer dette føremålsteneleg og forsvarleg. Fyllingsskråning kan gå utover føremålslinja og inn på tilgrensande føremål, jf. § 5.1.

5.2.2. Innanfor o_T2 og 3 skal det etablerast turveg. Fram til det er sikra avtale med grunneigarar om etablering av turvegen, skal turvegen utformast som eit tråkk. Innanfor føremålet er det tillate å rydde traséen og opparbeide tråkket med grusdekke over duk. Traséen skal ha minimum 1,5 meter breidde inkl. skulder, og skal ikkje nyttast som køyreveg. Traséen skal merkast.

Etter avtale med grunneigarar skal turvegen opparbeidast i tråd med krav til utforming i § 5.2.1. Fyllingsskråning kan gå utover føremålslinja og inn på tilgrensande føremål, jf. § 5.1.

5.2.3. Der turvegføremålet går ved/tett på område regulert til omsynssone H730_1-2 skal traséen i heilskap leggjast på duk oppå eksisterande terreng, og det er ikkje høve til å gjera terrenginngrep utan at dette på førehand er avklart med kulturminnemynde. Der traséen går inn i automatisk freda kulturminne skal det søkjast om dispensasjon frå Lov om kulturminne § 8, 4. ledd.

5.2.4. I grensa mot landbruksområde, vest for planområdet, er det høve til å setja opp einsidig gjerde på vestsida av traséen for å skilja turgåarar og beitande dyr.

Langs føremålet turveg kan det etablerast lysmaster for lyssetting. På strekning forbi H730_1-2 skal plassering av lysmaster leggjast fram for kulturminnemynde for godkjenning.

5.3. Friområde

Innanfor området kan det opparbeidast fotballbane, sandvolleyballbane, bord/benker, turveg og andre tiltak i tråd med føremålet. Arealet er kommunalt.

§ 6. LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL OG REINDRIFT (LNFR)

6.1. LNFR

Areal regulert til landbruk skal nyttast til landbruksdrift. Innanfor arealet kan det berre etablerast stadbundne, naudsynte tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag.

§ 7. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

7.1. Ferdsel

Dette arealet omfattar sjøområder utanfor byggeføremåla.

I området er det høve til å føre fram kablar/røyr for vatn og avløp. Det skal skje i samråd med fagmynde.

Det er opna for at fyllingsfot, i samband med molokonstruksjonar innanfor føremålet småbåtanlegg, kan gå inn over føremålet, jf. § 3.5. Dette må særskilt godkjennast av hamnemynde.

- 7.1.1. Ved naustområde der det ikkje er avsett areal til småbåtanlegg kan det søkast om dispensasjon for etablering av ny molo. Utforming og storleik skal vurderast i kvar einskild sak. Føringer gjeve i §§ 3.5.4 og 3.5.5 gjeld for nye tiltak.

7.2. Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

Friluftsområdet er tilknytt eksisterande molo og badestrand. Området skal være tilgjengeleg for allment bruk og opphald. Skjøtsel i form av beiting, slåing eller sviing er tillete innanfor føremålet, så lenge det ikkje er i konflikt med bruken av området.

Innanfor områda er det tillete med enkel tilrettelegging av tiltak, som bord og benker, samt vedlikehald av sandstrand. Reperasjon og vedlikehald av eksisterande molo og veg er tillete. Arealet er kommunalt.

§ 8. OMSYNSSONE

8.1. Frisikt (H140)

Sona for frisikt skal vere fri for fysiske og visuelle hindringar høgare enn 0,5 m over tilstøytande vegars plan.

8.2. Faresone og sikringssone langs gassleidning (H190 og H350)

- 8.2.1. Innanfor fareområde H350 gjeld følgjande føresegnar (inntil 26 m frå trase for gassrørleidning):

Det kan etablerast bygningar som er naudsynte for drift av gassleidningen.

Det er ikkje høve til å drive næring som fell utanfor vanleg jord- og skogbruk.

Utan førehandssamtykke frå Statoil eller Gassco er det ikkje høve til å gjera opp ope eld, grave, bore eller sprengje, eller endre terrenget over grøftetraséen slik at leidningen får mangelfull dekning eller vert liggjande uforholdsmessig djupt.

Alle tiltak etter plan- og bygningslova, som røyrrer sikringssona på land eller i vatn, skal leggjast fram for Statoil til uttale. Før det vert etablert eller utviding av molo der skråningsutslaget på botn nærmar seg eller røyrrer sikringssona, skal det leggjast fram prosjektskilddingar og prosjekteringsteikningar for kommunen og Statoil til godkjenning.

- 8.2.2. Innanfor sikringssone H190 gjeld følgjande føresegnar (inntil 200m frå trase for gassrørleidning):

Det er forbod mot å utføre grunnarbeid som kan skade rørleidning eller tunnelar. Ved aktivitet i nærområdet til sikringssone skal ein forsikra seg om at aktiviteten ikkje kan komme i konflikt med sikringssona under bakkenivå. Bruk av gravemaskinar eller liknande som kan skade rørleidningen er ikkje tillete utan samtykke frå Statoil eller Gassco.

8.3. Støysoner (H210 og H220)

Gul støysone er synt i plankartet med påskrift H220. Raud støysone er synt i plankartet med påskrift H210.

Det er ikkje tillete med nye bygg med varig opphald innanfor raud støysone.

Byggjemelding av nye tiltak med varig personopphald innanfor gul støysone må dokumentere tiltak slik at innandørs- og utandørs støy nivå, vert i tråd med gjeldande forskrift, i dag T-1442.

8.4. Omsynssone: Bevaring kulturmiljø (H570)

Eventuelle tiltak i området som grøfting og drenering må på førehand avklarast med kulturminnemynde, jf. skjemming. Det vert forutsett at eventuelle tiltak/installasjonar i området skal vere godt tilpassa landskapet og vere av moderate dimensjonar av omsyn til nærliggjande automatisk freda kulturminne.

For området H570 gjeld at alle fysiske tiltak i form av tiltak over markoverflata skal inn til kulturminnemynde for vurdering. Vanleg vedlikehald og skjøtsel er tillete.

8.5. Omsynssone: Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)

Innanfor omsynssone for bandlegging etter Lov om kulturminne finst det tre automatisk freda kulturminne med ID 213690 (H730_1), 53603 (H730_2) og 213996 (H730_3). Det er ikkje tillete å setje i gang tiltak som kan skade, øydelegge eller utilbørleg skjemme kulturminna eller foreta nokon form for fysiske inngrep i området, jf. Lov om kulturminne §§ 3 og 8. Eventuelle tiltak innanfor området må på førehand avklarast med kulturminnemynde. Fortrinnsvis bør slike tiltak fremjast i form av ei reguleringsendring.

For eigedom med gnr. 11 bnr. 18 gjeld at det er tillate med vanleg vedlikehald og skjøtsel av hus og hage, men at ein ikkje gjer inngrep under dagens matjordlag.

§ 9. REKKEFØLGJEKRAV

- 9.1. For nye bustader innanfor gul støysone skal støytiltak vera utgreia og planlagt ved søknad om tiltak. Dokumentasjon på tilfredstillande støytilhøve i samsvar med krav ved nybygg i gul støysone skal føreliggja før det vert gitt bruksløyve/ferdigattest.
- 9.2. Det skal utarbeidast detaljerte planar for turvegen. Der turvegføremålet går gjennom omsynssone H570 og H730 skal planane godkjennast av kulturminnemynde før det vert gjeve igongsettingsløyve.
- 9.3. Det skal utarbeidast situasjonsplan for opparbeiding av kommunalt friområde og naustområde N5 før det vert gitt byggeløyve.

Stord, 03.01.2017

Rev. 27.10.2017

Notat

27.10.2017

BOKN KOMMUNE - TURVEG ALVESTAD - FØRESVIK


- ENDRINGAR ETTER OFFENTLEG HØYRING

Detaljplan for turveg mellom Alvestad og Føresvik har vore på offentleg høyring med plankart og føresegnar datert 03.01.2017 (offentleg høyring 22.02 - 10.04.2017). Sidan høyringa er det gjort endringar i plankartet og føresegnene, med bakgrunn i høyringsuttalar, motsegn og politisk prosess.

Arealføremål tursti eller turveg

Turnettet innanfor planområdet er planlagt på eksisterande traktor- eller køyreveg, samt 4 delstrekk med ny trase. Turnettet følgjer traseen:

- Frå Føresvik går traseen på eksisterande traktorveg fram til naust/molo og fritidseining
- Langs ny turveg og gjennom opparbeidd friområde
- Innanfor friområdet eit stykke langs eksisterande køyreveg
- Ny tursti/turveg i overkant av busetnad og vidare langs strandsona
- Langs eksisterande køyreveg i retning Boknabrua
- Under Boknabrua og langs sida av den er det planlagt ny turveg opp til eksisterande g/s-veg.



1. Illustrasjon som viser eksisterande tiltak og nye tiltak langs planlagt turveg.

I plankartet er det regulert 4 areal til turvegføremål, der det i føresegnene er lagt føringar for kva som er tillate innanfor dei 4 areala. I høyringsforslaget januar 2017 la føresegnene til rette for å kunne etablere tursti og turstinett innanfor arealføremål turveg. Dette har dei offentlege instansane motsegn til.

I plankart og føresegner 27.10.2017 er tursti-begrepet teke ut av føresegnene og erstatta med turveg, med eitt unntak. Føresegnene knytt til turvegføremålet er endra tilbake til formuleringane som forslag til reguleringsplan 25.08.2016, med unntak av ny § 5.2.2. Bakgrunn og intensjonen med formuleringa i §5.2.2 er at kommunen ikkje har komme til einigheit med grunneigarar langs o_T2 og 3 då dei er skeptiske til omfanget av tiltaket og verditap på eigedommane. Kommunen ønskjer eit turnett som går samanhengande langs sjøen, og det er difor opna for at turtraseen innanfor desse to føremåla i første omgang kan opparbeidast som ein tursti. Og når det er privatrettsleg grunnlag for det, skal stien oppgraderast til turveg med 2 meter breidde.

Forslag til føresegner knytt til turveg:

5.1.1. Innanfor områda o_T1 og 4 skal det etablerast turveg med grusdekke over duk som vert lagt rett på eksisterande terreng. Turvegen skal ha 2 m breidde og 0,5 m skulder på kvar side. Turvegen skal ikkje nyttast som køyreveg, men maskinelt vedlikehald og nyttetransport til og frå naust som ikkje har annan vegtilkomst er tillate.

Turvegen skal i hovudsak etablerast med maksimal stigning på 1:10. Innanfor føremålet er det høve til å heva eller senka terrenget for å lette stigningstilhøva. Mindre justeringar/endringar i horisontal- og vertikalplanet kan tillatast når detaljplanlegginga gjer dette føremålstenleg og forsvarleg.

Fyllingsskråning kan gå utover føremålslinja og inn på tilgrensande føremål, jf. § 5.1.

§5.2.2. Innanfor o_T2 og 3 skal det etablerast turveg. Fram til det er sikra avtale med grunneigarar om etablering av turvegen, skal turvegen utformast som eit tråkk. Innanfor føremålet er det tillate å rydde traséen og opparbeide tråkket med grusdekke over duk. Traséen skal ha minimum 1,5 meter breidde inkl. skulder, og skal ikkje nyttast som køyreveg. Traséen skal merkast.

Etter avtale med grunneigarar skal turvegen opparbeidast i tråd med krav til utforming i § 5.2.1.

Fyllingsskråning kan gå utover føremålslinja og inn på tilgrensande føremål, jf. § 5.1.

Alternativ trase for dei som ikkje kjem fram når o_T2 og 3 vert opparbeida som sti, er opp langs Driftavegen og vidare ned Fyrvegen.



2. Illustrasjon som viser alternativ trase for dei som ikkje kjem seg forbi område med tursti.

Justeringar i plankart

Det er lagt inn turvegføremål langs eksisterande køyreveg i området ved friområdet, og trase som koplar seg til turvegnett i retning molo og naustområde i nord.




Plankart til høyring




Plankart justert etter høyring

Regulert køyreveg frå Førevikvegen til molo/naustområde i nord er redusert til å berre regulere eksisterande køyreveg. Dette er ei oppretting av feil i førre plankart.



Plankart til høyring



Plankart justert etter høyring



BOKN KOMMUNE

Teknisk

Mottakare:

Dok. ref.

06/330-177/K2 - L12/KBU

Dato:

12.01.2018

Notat om:

Turveg Alvestad til Føresvik - Notat frå møte med Fylkesmann og Fylkeskommune 11.01 2018

Til stades:	Tonje Aase	Fylkesmannen i Rogaland
	Solveig Roti Dahl	Fylkesmannen i Rogaland, kulturavdelinga
	Eli Viten	Rogaland fylkeskommune, ass. regionalplansjef
	Torstein Gøtterop	Rogaland fylkeskommune, regionalplanavdelinga
	Tom Gyran	Rogaland fylkeskommune, regionalplanavdelinga
	Jan Erik Nygaard	Bokn kommune, rådmann
	Kåre Bua	Bokn kommune, teknisk sjef

Planen har vore under arbeid i Bokn kommune i meir en 10 år.

I plan som sist blei vedteken i forvaltningsstyret i Bokn, var turvegen gjort om til tursti.

Etter dette er det kome motsegn frå Fylkesmannen og Fylkeskommunen har varsla motsegn.

Ein må elles ha dispensasjon frå riksantikvaren for å kunna nytta den aktuelle traseen.

Fylkeskommunen vil tilrå slik dispensasjon, men Riksantikvaren handsamar ikkje dispensasjonen før motsegnene er borte.

Etter lang tids drøfting i kommunen der politisk leiing har teke del, har Bokn kommune no fått arbeid ut eit framlegg, som er meint som eit kompromis. Ein har grunn til å tru at framlegget vil bli vedteke politisk i Bokn.

Kompromiet inneber at ein mindre del av turvegen i fyrste omgang skal etablerast som eit tråkk.

Dette er teke inn i punkt 5.2.2 i føresegnene som lyder:

